

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»Dato: 22.02.2017
Vår ref.: 2014/1230-176
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Svar på søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. januar 2017

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement. Det vart i alt motteke 13 søknader innan fristen 1. januar 2017.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) har i møte 21. februar 2017 handsama søknadane og gjorde slikt vedtak:

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. januar 2017 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

	Søkjjar	Søknadssum	Tilskot
a	Bømlo kommune	26 000	26 000
b	FAU Alversund skule	15 000	8 000
c	FAU/Fridalen skole	61 198	40 000
d	FAU Kleppe skole	5 000	5 000
e	Fitjar frivillingsentral	27 500	27 500
f	Hanøy Forum barnehage/Askøy kom.	29 292	29 292
g	Kvinnherad vgs	70 500	25 000
h	Nordbygdo ungdomsskule/Stord kom.	35 000	35 000
i	Odda vgs	5 000	5 000
j	Stiftelsen Norsk Luftambulanse	100 000	95 000
k	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)	100 000	75 000
l	Vaksdal kommune	133 080	100 000
m	Vaksdal kommune	28 000	28 000

Møteprotokoll og saksdokumentet for saka (sak 06/2017) finn de her:
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=675>

Det er ein føresetnad at det kjem fram at Hordaland fylkeskommune stør opp om tiltaket. Om det skal nyttast logo, så finn de denne her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/grafisk-profil/#theme>

FTU viser til at tilskot vert gjeve under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføre kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknaden og vedtaket.

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter

arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn. Rapporteringsskjema finn de på Hordaland fylkeskommune si nettside: <http://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/trafikksikring2/tilskot-til-lokale-trafikksikringstiltak/>

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.